

Informasjon til deg som har fått påvist VRE eller LRE

Du får dette skrivet fordi du har fått påvist VRE eller LRE i ei prøve teke i helsetenesta. Her får du meir informasjon om kva VRE og LRE er, og kva det har å seie for deg.

Kva er VRE og LRE?

Enterokokkar er bakteriar som finst naturleg i tarmen og underlivet. VRE og LRE er enterokokkar som er motstandsdyktige mot fleire typar antibiotika. Om du har VRE eller LRE i tarmen utan å få symptom eller infeksjon, blir det kalla å vere berar av VRE eller LRE. Du blir rekna som berar av VRE eller LRE også viss bakterien først vart oppdaga ved ein infeksjon.

Er det farleg å vere berar av VRE eller LRE?

Dei fleste som er berarar av VRE eller LRE får ikkje infeksjon og blir ikkje sjuke av bakteriane.

Om du får ein infeksjon med VRE eller LRE, kan likevel denne vere vanskelegare å behandle enn andre enterokokkinfeksjoner.

Korleis smittar VRE og LRE?

VRE- og LRE-bakteriar finst i tarmen og skilst ut i avføringa. Bakteriane kan komme på hendene etter toalettbesøk eller kontakt med avføring. Derfrå kan dei smitte vidare til andre personar, enten direkte gjennom kontakt eller via gjenstandar og overflater, til dømes dørhandtak eller andre flater som har vorte forureina.

Kva kan eg gjere for å redusere risiko for å smitte andre?

- Vask hendene godt med såpe og vatn:
 - før du lagar eller et mat
 - etter toalettbesøk
 - etter kontakt med kroppsvæsker, til dømes etter stell av sår, urinpose eller kateter
 - når hendene er synleg skitne
 - ved besøk på sjukehus, sjukeheimar eller andre helsetenester
- Vask handkle og sengetøy på 90°C viss tekstila toler det.
- Vask også dørhandtak, lysbrytarar og andre flatar som ofte blir berørt når du reingjer heime.

Kan eg gå i barnehagen, på skulen eller jobb om eg er berar av VRE eller LRE?

Barn som er berar av VRE eller LRE kan gå i barnehagen og på skulen. Dei kan også delta i fritidsaktivitetar og leik som vanleg.

Du kan gå på jobb som vanleg, sjølv om du er berar av VRE eller LRE.

Hugs å følgje råda for å redusere risiko for å smitte andre, som beskrive over.

Kven må eg informere om at eg er berar av VRE eller LRE?

Informere om at du er berar av VRE eller LRE når du får helsehjelp, til dømes når du er hos lege eller om du blir lagd inn på sjukehus eller sjukeheim.

Opplysning om at du er berar av VRE eller LRE vil også bli registrert i pasientjournalen din. Dette hjelper helsepersonell med å førebyggje spreiding av smitte og velje rett type behandling om du får ein infeksjon.

Viss partnaren din eller andre du bur saman med treng helsehjelp, bør dei også informere helsetenesta om at dei bur saman med ein person som er berar av VRE eller LRE.

Du treng ikkje å informere arbeidsgivar, kollegaer, venner, skule eller barnehage om at du er berar av VRE eller LRE.

Kva skjer om eg blir lagd inn i sjukehus eller sjukeheim?

Om du er berar av VRE eller LRE kan det vere nødvendig å gjere tiltak når du er innlagd på sjukehus eller sjukeheim for å redusere risiko for at bakterien blir spreidd til andre. Kva tiltak som er aktuelle avheng av situasjonen.

Det kan til dømes vere:

- Eige rom med eige toalett.
- Helsepersonell bruker smittevernutstyr som hanskar og frakk.
- Hyppigare reingjering av rom og utstyr.
- På sjukehus kan det vere nødvending med isolasjon. Det betyr at du får beskjed om å halde deg på pasientrommet ditt og at du ikkje kan bruke fellesområde eller ha nær kontakt med andre pasientar.

Sjølv om det er behov for smitteverntiltak, har du rett til den same helsehjelpa som andre pasientar.

Kan eg bli kvitt VRE eller LRE?

Det finst inga behandling som kan gjere at du ikkje lenger er berar av VRE eller LRE.

Hos nokon blir bakterien sannsynlegvis borte etter månader eller år. Det er likevel ikkje mogleg å ta prøve for å vite sikkert at du ikkje lenger er berar av VRE eller LRE. Kontrollprøver blir derfor ikkje tilrådde.

Har du spørsmål om VRE og LRE kan du snakke med legen din.